

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
2016860

Oppdragsnr  
2016006

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	36	88	0	0	ELLINGSEN GUNVOR M (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	06.06.2016	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring  
Klarlegging og oppmåling av grensene til gnr 36 bnr 88.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent ELLINGSEN GUNVOR M			Rekvisisjonsdato 24.03.2016

## Habilitet

Landmålararen sitt namn Per Atle Sæle
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
18-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
18-2	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-2	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-4	Annen detalj Nedsatt i:				
88-5	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
88-7	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-8	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-9	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
88-10	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
100	Annen detalj Nedsatt i:				
48-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
65-1	Umerket Nedsatt i:				

**Oppsummering og fråsegn frå landmålar**

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av 36/88 har 24.03.2016 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser for gnr 36 bnr 88.

Oppmålingsforretning vart etter ønskje frå rekvirenten halde 06.06.2016. Ved forretninga møtte Rune Krantz-Underland for 36/18, Terje Ellingsen for 36/88, Randi Brattelid Blom og Marit B. Aam for 36/41, 48, Arnt Ståle Lund for 36/15, 17, Randi Odland for 36/3 og Harald Bratli for 36/65.

Grensa mellom 36/65 og 36/18 vart først gått opp. Kross i fjell i sjøkanten vart påvist, grensepunkt 18-1. Den andre krossen til 36/65 som grensar til 36/18 vart ikkje funne. Kommunen har retta opp grensa i kartet og lagt til grunn skylddelingsmål (20m) for den nordvestre grensa til 36/65 mot 36/18 (grensepunkt 65-1).

Grensa mellom 36/18 og 36/88: Kross i fjell i bergvegg i nordvestre hjørne av 36/18 vart påvist, grensepunkt 88-3. Denne krossen er også grense mot 36/17. Det vart føreteke målebandsmåling frå denne krossen til påvist kross i fjell i sjøkanten i grensa mellom 36/18 og 36/17, grensepunkt 18-2. I følgje skyldskiftet for 36/18 og 36/17 skal det her vera 49,2m. Horisontalt mål mellom desse to krossane er 41,75m. Dersom ein legg målebandet langs bakken kjem ein i nærheten av målet som er oppgitt i skylddelinga. Delelina mellom bnr 18 og bnr 88 går i frå grensepunkt 88-3 i søraustleg retning 28,03 (horisontalt mål) til portsøyle, grensepunkt 88-4.

Grensa til 36/88 held fram frå grensepunkt i portsøyle 11,64m i sørvestleg retning til påvist kross i fjell, grensepunkt 88-5. Herifrå i nordvestleg retning 42,34m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 88-6 i forlenging av oppsett gjerde. Herifrå knekk grensa mot nord-aust og går først 12,59m til kross i fjell, grensepunkt 88-7, vidare i omlag same retning 20,55m til kross i fjell, grensepunkt 88-6. Grenselina knekk her mot nordvest og går 36,17m til kross i fjell, grensepunkt 88-9, vidare i nordvestleg retning 25,14m til kross i fjell i flomålet, grensepunkt 88-10 og vidare i same retning utover i sjøen så langt den private eigedomsretten går.

I følgje skyldskiftet for 36/88 har parsellen strandline i ei strekning på 30m. Kross i fjell i flomålet i grensa til 36/15,17 vart påvist. grensepunkt 88-1. Dette punktet ligg 29,27m frå grensepunkt 88-10. Grensa mellom 36/88 og 36/15,17 går herifrå i søraustleg retning først 20,91m til kross i fjell, grensepunkt 88-2 og vidare 28,54m til kross i fjell, grensepunkt 88-3. Grensa utover i sjøen mellom 36/88 og 36/15,17 vart fastlagt til å gå frå grensepunkt 88-1 i retning mot ei stang som ligg 11,58m ut frå krossen og vidare i same retning så langt den private eigedomsretten går. Koordinatverdiane på retningspunktet (stanga) er X=6723787,22 Y=288019,10

Eigar av 36/88 og eigar av 36/15,17 opplyste at det er tinglyst gjensidig rett til gangveg på eigedomane.

Randi Brattelid Blom opplyste om at 36/48 grensar til sjø. Skyldskiftet for 36/48 stadfestar at parsellen har strandline i ei lengde av 20,20m. Kommunen har retta opp matrikkelkartet slik at 36/48 grensar til 36/31. Vi har også målt inn påvist kross i fjell, grensepunkt 48-1 og retta opp grensa mot 36/31. Eigar av 36/31 var ikkje innkalla til oppmålingsforretninga, men vil få kopi av protokollen. Deleline mellom 36/41 og 36/48 er også lagt inn. Kommunen har ikkje kopi av skyldskifte for 36/41, men har lagt til grunn at Randi Brattelid Blom opplyste at ho meinte dei ikkje eigde heilt fram på bråtet i sør. Skyldskiftet for 36/88 stadfestar at grensa mot 36/41 tek til 12,60m frå grensepunkt 88-6.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon og tilfredsstiler krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. Kommunen har matrikkelført dei nymålte grensene og skrive ut nye matrikkelbrev for 36/18 og 36/88 som vert sendt eigarar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

07.07.2016

Underskrift

<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			